

Høyringsutkast Kommunale SFO Voss herad:

VEDTEKTER FOR KOMMUNALT DRIVNE SFO I VOSS HERAD

FAKTA: SFO er eit frivillig omsorgs- og aktivitetstilbod for born i 1.-4. klasse, og for born med særskilde behov 5.-7. klasse, utanom den ordinære skuletida. Ordninga er foreldrebetalt.

Innhaldet i SFO skal vera prega av borna sin trong for opplevingar, leik og omsorg. SFO skal ha fokus på å fremja sosial læring og drivast i samsvar med skulen si målsetning.

FORMÅL: Skulefritidsordninga skal gje elevar i 1-4. klasse eit trygd og utviklande fritids- og omsorgstilbod i tilknytning til skulen. For born med særskilde behov, kan tilbodet utvidast til 7. klasse.

§1 EIGARTILHØVE

Vedtektene gjeld for dei kommuneeigde skulefritidsordningane, SFO i Voss herad.

Administrasjonen i heradet kan gjera mindre endringar av vedtektene. Utval for levekår og oppvekst kan gjera endringar i vedtektene som ikkje bind heradet ut over desse vedtektene.

Endringar i vedtektene som fører til endra rammer og/eller økonomiske konsekvensar skal avgjerast av heradsstyret.

§2 LOVERK OG FORVALTNING

Skulefritidsordningane skal drivast i samsvar med «*Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæring §13.7*». SFO i Voss herad er kommunal og skal drivast i samsvar med gjeldande lovar, føresegner og kommunale vedtak.

§3 OPPTAKSMYNDE

Opptaksmynde ligg hos kommunalsjef for Oppvekst i Voss herad, delegert til rektor på kvar skule som har SFO.

Det kan klagast på vedtak jf. Forvaltningslova §§28 og 29. Klagefrist er 3 veker.

§4 OPPTAKSKRITERIUM

Barnet skal i regelen få tilbod om plass på skulefritidsordninga på den skulen barnet går på. Til vanleg skal dei yngste ha førerrett til plass.

Førerrett til opptak i prioritert rekkefølge:

1. Born med særskilde behov 1-7. klasse
2. yngre born går føre eldre
3. born av einslege forsørgjarar
4. born som vert følgd opp av integreringstenesta som er for gamle for SFO, men som av ulike årsakar ikkje kan vera heime åleine.

§5 OPPTAKSPERIODE OG OPPSEIING AV SFO-PLASSEN

Opptak: søknad om opptak vert skrive på eige skjema som ein finn på heimesida til heradet:

www.voss.herad.no

Påmeldingsfrist: innan 1. mars.

Heradet kan velja å ikkje oppretta eller å avvikla tilbodet dersom barnetalet pr. dag kjem under minstepåmeldinga (færre enn 8 born).

Oppseiingstid: Dersom barnet sluttar før utgangen av 4.klasse (7.klasse), må plassen seiast opp. Det er to månader gjensidig oppseiingstid av plassar. Oppseiinga gjeld frå 1. eller 15. i månaden. Oppseiinga skal leverast elektronisk. Det må betalast i oppseiingstida sjølv om barnet ikkje nyttar plassen. Blir plassen sagt opp etter 1. april, må det betalast for plassen ut skuleåret.

Plassar kan endrast i løpet av skuleåret, redusert plass med to månaders varsel, og auke av plass frå den tid rektor bestemmer, men seinast to månader etter at søknad om endring er sendt.

§6 FORELDREBETALING

Betaling for opphald blir etter dei satsar som til ein kvar tid er fastsett av heradsstyret. Betalinga vert fakturert 11 gonger pr år. Juli er betalingsfri måned.

Søskenmoderasjon?

Moglegheit for å betala for halv plass, tre dagar, berre morgon, berre ettermiddag?

Betalingsfri plass??

Dersom barnet skal ha leksehjelp som ein del av skulefritidsordninga, skal det ikkje betalast for denne tida etter føresegna i Opplæringslova § 1 A-1. Det vert gjort fråtrekk i foreldrebetalinga for desse timane etter 1. januar, for hausthalvåret og etter 1. april for vårhalvåret.

Ved 2 månader uteståande betaling, vil plassen seiast opp med ein månads skriftleg varsel.

§7 LEIKE- OG OPPHALDSAREALA

Lokala og uteområda skal vera utforma og innreidd i tråd med *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v., kapittel III, spesielle bestemmelser.*

Mellom anna skal areala gje moglegheit for både aktivitet og kvile, gje moglegheiter for å ta vare på måltida sin sosiale funksjon og ta vare på funksjonshemma sine behov.

SFO har sin eigen base med tilgang til kjøkken. Elles nyttar SFO hensiktsmessige rom og uteareal, inventar og utstyr i sambruk med skulen.

§8 DAGLEG OPPHALDSTID OG ÅRLEGE OPNINGSTIDER

Opningstider: SFO er ope måndag-fredag, 11 månader i året, med unntak av 6 planleggingsdagar. SFO er stengt i juli måned. Dagleg opningstid er til vanleg mellom 07.30 og 16.30.

Plan for planleggingsdagar, eventuelt lokale vedtak om stenging, til dømes mellom jul og nyttår og i påskeferien, vert behandla ved den enkelte skule. Ein nyttar då aktiv påmelding med eit minimumskrav om 10 påmelde pr. dag. Sjå §11 om lokale vedtekter.

§9 BEMANNING OG LEIING

Rektor ved den einskilde skulen har det overordna administrative og faglege ansvaret for skulefritidsordninga og har ansvar for at SFO går inn i ein heilskap med skulen. SFO skal vera bemanna slik at tryggleiken til den einskilde til ein kvar tid er ivareteke. Samarbeidsutvalet (SU) ved skulen er styringsorgan for skulefritidsordninga.

SU bør drøfta opplegg for skulefritidsordninga minst ein gong i året. Skulefritidsordninga bør til vanleg vera representert i SU ved ein av dei tilsette. SU avgjer om det også skal veljast eigen foreldrerepresentant til SU.

Skulefritidsordninga skal ha, under rektor, ein leiar med ansvar for den daglege drifta. Denne skal ha relevant utdanning.

SFO skal ta utgangspunkt i elevane sine spesielle behov og vera prega av kvalitet og tryggleik. Heradet har ansvar for å skapa gode rammevilkår gjennom retningslinjer for organisering og rammer for drifta.

Normalt skal SFO vera bemanna med 1 vaksen pr. 10 born, avhengig av alder og gruppesamansetting. Med funksjonshemma born i SFO, skal bemanninga kunne aukast. Tid til samarbeid, leiging og planlegging kjem i tillegg.

Opptak til SFO pr. 1.mars vil vera retningsgjevande for personaltrongen.

Teieplikt:

Dei tilsette i skulefritidsordninga, administrasjonen og alle som får innsyn som gjeld SFO gjennom utval og verv, har teieplikt vedkomande personopplysningar dei i kraft av sin stilling/ombod vert kjend med, etter forvaltningslova §13 med utfyllande føresegner.

§10 LOKALE VEDTEKTER

Det vert fastsett lokale vedtekter for den enkelte skulefritidsordning i Voss herad. Desse vert handsama i skulen sitt samarbeidsutval og er vedlegg til årsmeldinga til skulen.

Vedtektene skal innehalda vedtak om:

- lokale opningstider/-dagar
- lokal organisering og bemanning
- bruk av inne- og uteareal
- bruk av inventar og utstyr

- organisering kring måltid
- samarbeid skule/SFO
- foreldresamarbeid
- event. vedtak som følgje av lokale tilhøve